



EG SER DEG

HAMRE / SPILDO / MARTENS



PÅ MANGE STRENGER

Denne innspelinga ønskjer oss velkomne med ein lokk, ein raus invitasjon som kan stå som eit kunstnarleg motto for heile prosjektet:

Du ska fao rjomagraut, saudamjølk, jentefang. Uppreidde sengji.

Lokken kling også med i det neste nummeret, ein gangar av Nils Økland bygd på ein komposisjon av barokk-komponisten Heinrich Franz von Biber (1644–1704). Gjesteartisten Johannes Martens understrekar her med sitt gambespel instrumentale tradisjonsliner så vel som ein tydeleg ambisjonen om å presentera nye og uprøvde musikalske koplingar.

Turid Spildo og Knut Hamre kjem begge frå Granvin, bygda med hardingfela i våpenskjoldet, og fører vidare ulike liner i spelet frå den folkemusikkrike Hardangerbygda. Turid lærte å spela av bestefar sin, Einar Spildo, Knut mellom anna frå meisterspelmannen Anders Kjærland. Då Knut gjekk i lære såg ein heller mørkt på framtida for folkemusikken, han var meir eller mindre åleine i sin generasjon i Hardanger, eit tungt ansvar som kunne tatt lysta frå nokon kvar. Han har betalt attende med renter, ført meistertradisjonen vidare og vore førebilete og lærar for ein heil generasjon av nye folkemusikarar. Turid fekk nok si innviing under ein noko lysare himmel og har kanskje derfor vore meir oppteken av nyskaping og eksperiment. Dette kom tydeleg til uttrykk da ho var med og skapte den oppsiktsvekkande folkemusikk-kvartetten Dvergemaal og deira originale plateprosjekt Blåberglandet med tekstar av Ivar Aasen.

Kjende nynorske diktarar med folkemusikk-puls pregar også denne plata, med tekstar om kjærleikslengt, om draumar som ser bortanfor det trøsteslause, tekstar som møter ukjende og uvande tonar, spenningskapande møte.

Heller enn å dokumentera ein tradisjon eller eit repertoar, er dette ei utforsking av samspel og samklang. Fleire av slåttane er velkjende, spenninga ligg i mottema og stemmer som eg kan tenkja meg utøvarane har improvisert seg fram til, og som skaper pirrande utfordringar til oss som lyttar.

Platetittelen leier tanken mot slåttesteivet til Nøringen; Eg ser deg, eg ser deg, men eg kan ikkje koma til deg. Her kan det koma til deg meir enn det du får med deg ved første gongs gjennomlytting.

Nr. 1

Lokk

//: Ro hit um engi.
Ro hit te meg. ://
Det kveldast fyr meg
Og det seinkast fyr deg.
Du ska fao
rjomagraut,
saudamjolk,
jentefang.
Uppreidde sengji.

Tekst og tone i tradisjon frå Lærdal i Sogn, Vestlandet
Arr. Turid Spildo

Nr. 2

Biberslått

Gangar av Nils Økland, er ikkje i bruk i haringfeletradisjonen. Økland har henta felestille frå «Mysteriesonatane», komponert av Heinrich Franz von Biber (1644–1704). Stillet er brukt i tredje sonate, tileigna Jesu fødsel. Stillet er: a-e-a-c.

Tone av Nils Økland

Tekst: Lokk frå Lærdal, tone av Turid Spildo
Arr. Turid Spildo, Knut Hamre og Johannes Martens

Nr. 3

Huldri

Du Orvad so einsleg du sture
I hytto di natti so long
Kom her inni berget te Turid
Ho jagar di sorg med sin song

Kvi vil du frå verdi deg gøyma
Kvi kom du her opp i min veg
Eg såg deg men kan aldri gløyma
Her sit eg og ventar på deg.

Når soli på fjelltinden blenkjer
Og spreie sitt godl i ein straum
Då lengtande på deg eg tenkjer
Du leikar kvar natt i min draum.

Her sit eg som stengd i eit fengsel
Blant snjokvite glitrande fjell
Å kjende du berre min lengsel
Du kom her kvar einaste kveld.

Tekst: Johannes Tveit, Hardanger, Vestlandet

Tone: Tradisjon frå Hardanger, Vestlandet
Arr. Turid Spildo, Knut Hamre og Johannes Martens

Nr. 4

Nøringslått etter Anna Skeie

Tradisjon frå Hardanger, Vestlandet
Arr. Turid Spildo og Knut Hamre



Anders Kjerland 1900–1989.
Stor tradisjonsbærar i
Granvin og Hardanger.
Læremeister for mange,
deriblant Knut Hamre.



Einar Spildo 1909–2000.
Hadde Anders Kjerland som
læremeister. Var læremeister
for Turid Spildo.



Nr. 5

Hjarta segjer

Eg ropa fåfengt natt og dag,
du hørde ikkje meg.
Eg stengde døri, men mi sorg
di bringe alltid gneg.

Du kjem når verdi vert for kald
og bed um eld og bu
og tiggjar for di eigi dør
og slær til blods din nuv.

Tekst: Olav H. Hauge, Ulvik i Hardanger
Tone: Turid Spildo
Arr. Turid Spildo og Knut Hamre

Nr. 6

Håstabøen

Tradisjon frå Hardanger, Vestlandet
Arr. Turid Spildo og Knut Hamre

Nr. 7

Den dag kjem aldri/ So sulla ho mor

Den dag kjem aldri at eg deg gløymer,
for um eg søver, eg um deg drøymer.
Um nott og dag er du like nær,
og best eg ser deg når myrkt det er.

Du leikar kringom meg der eg vankar.
Eg hører deg når mitt hjarta bankar.
Du støtt meg fylgjer på ferdi mi,
som skuggen gjeng etter soli si.

Når nokon kjem og i klinka rykkjer,
d'er du som kjem inn til meg, eg tykkjer:
Eg sprett frå stolen og vil meg té,
men snart eg sig atter ende ned.

Når vinden lint uti lauvet ruslar,
eg trur d'er du som gjeng der og tuslar!
Når sumt der burte eg ser seg snu,
eg kvekk og trur det må vera du.

I kvar som gjeng og som rid og køyrer,
d'er deg eg ser; deg i alt eg hører:
I song og fløyte- og felelåt,
men endå best i min eigen gråt.

Tekst: Olav Åsmundsson Vinje
Tone: Tradisjon frå Hardanger, Vestlandet
Arr. Turid Spildo og Knut Hamre

Nr. 8

Bruremarsj etter Ola Håstabø

Tradisjon frå Hardanger, Vestlandet
Arr. Turid Spildo og Knut Hamre



Nr. 9

Uro

Kor skal det gaa meg, naar Gud eg gløymer,
og Hjarta sjukt seg i Elskhug drøymer?
Kor skal det gaa meg so sant og visst,
naar burt meg sjølv eg so reint hev mist?

Og aldri kann eg meg atter vinne,
og aldri meir kann eg til meg finne;
so vel er stengd baade Von og Veg; –
eg maatte finne meg sjølv i deg.

Tekst: Arne Garborg, frå Haugtussa.
Tone: Aftur Spildo, utdrag frå Opus 1.
Arr. Turid Spildo og Johannes Martens

Nr. 10

Bruremarsj etter Ola Håstabø

Tradisjon frå Hardanger, Vestlandet
Arr. Turid Spildo og Knut Hamre

Nr.11

Byggje tårn/Huldri mi

Grava gråstein
utor veitom
Bera lyftarstein
opp mot høgste leitom –

Lyfte draumen
opp or einsemddjup.
Bera draumen
bort frå stygge stup.

Vera ein
Bera stein.

Stein er søkkt
djupt i dy.
Bera – Byggje høgt –
Byggje tårn mot sky.

Bera stein
Gjera draumen stor.
Byggje tårn,
bru frå jord –

Byggje høgt
over li og lein –
Bera denne draumen –
Bera stein.

Tekst: Tor Jonsson
Tone: Lars Skjervheim
Arr. Knut Hamre og Turid Spildo

Nr. 12

Nesheimsrull

Tradisjon frå Hardanger, Vestlandet
Arr. Knut Hamre og Turid Spildo

Nr. 13

Bånsull frå Island

Sov du vesle guten min
Ute regne grete
Mamma gøymer skatten sin
Gamle bein og leikeskrin
Me skolde ikkje vaka i myrke netter.

Det er mangt som myrkret veit
Hugjen min den sturer.
Titt, so saog eg svartan sand
Svi bort grønt og frodig land
I jøklane skrike død av djupe furer.

Sov du lengje sov du i ro
Best om seint du vaknar
Sorg du lærer snart å sjao
Medan dagen hallar no
At menneskje elsker, misser gret og saknar.

Tekst omsett frå Islandsk av Knut Ødegaard.
Omsett til dialekt av Turid Spildo
Tekst og tone: Tradisjon frå Island
Arr. Turid Spildo

Nr. 14

Hålislått

Tone av Knut Hamre
Arr. Knut Hamre og Johannes Martens

Nr. 15

Kongstunen/Eg ser deg

Eg ser deg utfor gluggen kjær søtan min
Kjenner deg på skuggen du slepp 'kje inn
Sova ling sova ling liten ting
Eg kom ikkje hug om kveldo
Kubben uppatt å reisa.

Ljåen ligg i engi kjær søtan min
Far han ligg i sengji du slepp kje inn.

Riva ligge på takje kjær søtan min
Far han ligge å vakje du slepp 'kje inn.

Akta deg fyre han skjæggje kjær søtan min
Økse hengje på veggje du slepp 'kje inn

Fryse du på fotom kjær søtan min
Gakk deg bort te fjose så slepp du inn.
Sova ling ...

Tekst og tone i tradisjon frå Evanger, Vestlandet
Arr. Johannes Martens, Knut Hamre og Turid Spildo

Nr. 16

Gangar etter Ola Håstabø

Tradisjon frå Hardanger, Vestlandet
Arr. Knut Hamre

KNUT HAMRE: Hardingfeler www.knuthamre.no

TURID SPILDO: Hardingfeler, song og orgel www.spildo.no

JOHANNES MARTENS: Gambe

RO HIT

1. Lokk **0:46**
2. Biberslått **2:14**
3. Huldri **2:49**

DANS MED MEG

4. Nøringslått **1:41**
5. Hjarta segjer **2:55**
6. Håstabøen **3:33**
7. So sulla ho mor **2:02**
8. Bruremarsj **1:41**
9. Uro **2:13**
10. Bruremarsj **3:52**

EG SER DEG

11. Byggje tårn **2:42**
12. Nesheimsrull **1:33**
13. Bånsull **2:12**
14. Hålislått **3:29**
15. Eg ser deg **3:14**
16. Gangar e. Ola Håstabø **2:53**

ta:lik

TA96CD ©Talík 2011 info@talik.no www.talik.no

Produsent: Leiv Solberg **Teknikar:** Audun Strype www.strype.com **Innspelt** i Strype Audio, Oslo 5 og 6 mars, og 14 april 2011

Foto: Knut Utler, alle bortsett fra: Øde spildo Nerdrum (fingrar på orgel), Fotograf ukjend (Anders Kjerland og Einar Spildo) **Grafisk formgjeving:** Eva Karlsson

Takk til Fond for utøvende kunstnere for tilskot til prosjektet